



Statsforvaltaren i Rogaland

# TILSYNSRAPPORT - VEDTAK

Skulebasert vurdering

Time kommune – Frøyland ungdomsskule

05.01.2021

## **Samandrag**

Vi fører tilsyn med Time kommune. Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering, og blei frå 13.12.2019 skilt ut som eige tema i felles nasjonalt tilsyn. Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i læreplanverket. Det overordna føremålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit best mogleg utbytte av opplæringa.

Vi har funne at Frøyland ungdomsskule gjennomfører aktivitetane regelverket krev i § 2-1 i forskrift til opplæringslova. Dei samla funna våre viser likevel at delar av den skulebaserte vurderinga er fragmentert og ikkje systematiske nok. Konsekvensen av dette er at skulen ikkje oppfyller krava på alle områda.

Kommunen fekk ein foreløpig tilsynsrapport og har ikkje uttalt seg innan fristen. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 05.04.2021.

## Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Kort om kommunen og skulen.....	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	3
1.3	Formålet med tilsynet .....	4
2	Skulebasert vurdering.....	5
2.1	Rettslege krav.....	5
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	6
2.2.1	Skulebasert vurdering på Frøyland ungdomsskule.....	6
2.2.2	Medverknad i den skulebaserte vurderinga .....	9
2.2.3	Oppsummering.....	11
3	Våre reaksjonar.....	12
3.1	Pålegg om retting .....	12
4	Oppfølging av pålegga.....	12
5	De har rett til å klage .....	12
	Vedlegg: Liste over dokumentasjon .....	14

# 1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentliglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om kommunen og skulen

Time kommune er ein kommune med ca 19 000 innbyggjarar. Time-skulen har rundt 2 600 elevar fordelt på 9 skular: Time kommune har nyleg vedtatt skulebruksplan for 2020-2028. Måla for kommunen er inkluderande læringsmiljø og at barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt. Her omtaler planen særleg behovet for at elevane skal utvikl grunnleggande ferdigheiter tidleg.

Tilsynet skal vere risikobasert. Risikovurderinga byggjer på informasjon Statsforvaltaren har frå ulike kjelder; kvantitative data, informasjon frå klagesaker og tilsyn og informasjon frå sektor og andre.

Frøyland ungdomsskule har 142 elevar og 17 lærarar. Skulen har hatt negativ skulebidragsindikator i perioden 2016-2019. I same periode viser Elevundersøkinga at Frøyland ungdomsskule har negativ utvikling på elevdemokrati og elevmedverknad, motivasjon og vurdering for læring. Resultata frå nasjonale prøver viser at ca 1/3 av elevane er på meistringsnivå 1 og 2 i lesing på 8. trinn, medan resultata på 9. trinn viser at denne delen blir redusert til ca 1/5.

## 1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Time kommune i brev frå 23.06.2020. De vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Dersom Frøyland ungdomsskule ikkje følger regelverket, kan vi pålegge retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende foreløpig tilsynsrapport til dykk 04.12.2020. I han presenterte vi våre foreløpige vurderingar og konklusjonar.

### 1.3 Formålet med tilsynet

Opplæringssektoren skal arbeide med kvalitet i opplæringa i alle ledd, frå nasjonale myndigheiter og skuleeigarar til skuleleiarar og lærarar. Kvalitetsarbeidet strekk seg frå lokal kompetanseutvikling gjennom nasjonale satsingar, kompetansepakker og desentralisert ordning til den enkelte skulen som driv skulebasert vurdering. Rapporten frå *Ekspertgruppe for skolebidrag*<sup>1</sup> legg vekt på at vurdering og utvikling av kvalitet må skje i lys av den enkelte skulen sin kontekst og utfordring. Derfor blir den skulebaserte vurderinga viktig i kvalitetsarbeidet.

Profesjonsfellesskap og skuleutvikling skal vere eit prinsipp for skulen sin praksis<sup>2</sup>. God skuleutvikling krev rom for å stille spørsmål og leite etter svar, og eit profesjonsfellesskap som er oppteken av korleis praksisen i skulen bidrar til at elevane lærer og utviklar seg. Alle tilsette i skulen må ta aktivt del i det profesjonelle læringsfellesskapet for å vidareutvikle skulen. Det inneber at fellesskapet reflekterer over verdival og utviklingsbehov, og bruker forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak.

Skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar har ut frå sine ulike roller eit felles ansvar for å legge til rette for god utvikling i skulen. Dei må saman sørge for at praksisen i skulen er i samsvar med heile læreplanverket.

I NOU 2019:23 *Ny opplæringslov*<sup>3</sup> seier utvalet at *arbeid med kvalitetsutvikling i skulen er viktig for å sikre barn sin grunnleggande menneskerettar og for å nå måla med opplæringa*. Vidare meiner utvalet at det bør vere eit eksplisitt krav i ny lov at kommunane skal arbeide for å oppretthalde og heve kvaliteten i opplæringa. Dei meiner at skulebasert vurdering vil vere grunnlaget for kommunen si kvalitetsutvikling.

Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i læreplanverket. Dette betyr at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skuleeigar sørger for at skulen ved skulebasert vurdering

- har brei og samla vurdering av måloppnåinga til elevane
- vurderer om endringar kan bidra til auka måloppnåing hos elevane
- følger opp eventuelle endringar
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- sikrar at elevane medverkar i den skulebaserte vurderinga

---

<sup>1</sup> <https://nettsteder.regjeringen.no/skolebidrag/files/2020/09/Kunnskapsgrunnlag-Ekspertgruppe-for-skolebidrag.pdf>

<sup>2</sup> <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/3.-prinsipper-for-skolens-praksis/3.5-profesjonsfellesskap-og-skoleutvikling/>

<sup>3</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2682434/?ch=1>

- gjennomfører vurderinga jamleg

Dette er viktige føresetnader for at organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan forbetrast, slik at elevane i større grad når måla for opplæringa.

## 2 Skulebasert vurdering

### 2.1 Rettslege krav

#### **Skulen skal bruke eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket**

De skal jamleg vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidrar til at elevane når måla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må de samanhalde resultatet av opplæringa med mål og prinsipp i læreplanverket. De må ha eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidda av måla i læreplanverket, både faglege mål og mål som omfattar trivsel og utvikling hos elevane på andre område. De må bruke kunnskapsgrunnlaget til å vurdere i kva for grad elevane når måla for opplæringa.

#### **Skulen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåinga hos elevane**

Den skulebaserte vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane. I kravet ligg det at de må vurdere ulike typar endringar, for eksempel nye tiltak, utviklingsarbeid eller ei vidareføring av det de allereie gjer. De må vurdere endringane for skulen som heilskap, sjølv om konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klasser eller for enkelte fag.

#### **Skulen skal evaluere dei iverksette endringane og gjere nødvendige tilpassingar**

Hensikta med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå måla i læreplanverket. Når de gjennom vurderinga avdekkjer forbedringsområde, må de derfor følge opp dette vidare. Dersom endringane ikkje fører til betring, må de gjere nødvendige tilpassingar.

#### **Skulen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering**

Vurderinga må involvere alle partar det vedkjem i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort på samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og i kva for grad elevane når måla. Lærarane er sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. De vurderer elles kven som skal delta.

#### **Skulen må involvere elevane i den skulebaserte vurderinga**

For å kunne vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidrar til at elevane når måla i læreplanverket, må de involvere elevane. Det kan variere kva for elevgrupper og kor mange ut ifrå kva som er temaet, men de skal alltid involvere elevane, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

#### **Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg**

De må gjennomføre skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I

utgangspunktet bør skulen gjennomføre vurderinga årleg, men samstundes vurdere tidsbruken opp mot kva som er forsvarleg.

## 2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Utdanningsdirektoratet har utvikla støttemateriell for å driva kvalitetsarbeid i opplæringa<sup>4</sup>. I kvalitetsarbeidet må skulen stille seg dei overordna spørsmåla *Kva veit vi? Kva får vi til? Kva kan vi bli betre på? Korleis kan vi endre praksis?* Kvalitetsarbeid inneber at skulen set seg mål, vel tiltak og evaluerer. Som ein del av desse prosessane hentar skulen inn informasjon om nåsituasjonen og lagar felles mål eller framtidsbilete. For å sørge for at tiltaka blir gjennomførte og evaluerte undervegs, anbefalar vi at skulen set seg delmål eller milepælar. Faste stopp-punkt undervegs vil også bidra til at skulen arbeider systematisk og heilskapleg. Profesjonsfellesskapet og elevmedverknad er sentrale for å driva kvalitetsutvikling i skulen. Eit kjenneteikn på eit profesjonsfellesskap er at de saman vurderer og vidareutviklar skulen sin praksis og at fellesskapet brukar forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak.

Kontrollspørsmåla i tilsynet er utarbeidd frå dei rettslege krava, og belyser korleis skulebasert vurdering er eit kvalitetsarbeid i den enkelte skule. Vi legg svara i RefLex, intervju og innsendt dokumentasjon til grunn for vurderingane våre om skulen oppfyller krava i regelverket.

### 2.2.1 Skulebasert vurdering på Frøyland ungdomsskule

Skulebasert vurdering kan delast inn i tre delar. Å få oversikt over nåsituasjonen, identifisere, velje og gjennomføre endringar, og deretter å evaluere og justere endringane. I alle delane stiller regelverket krav om at skulen skal gjere vurderingar av eigen praksis opp mot formålet; at elevane skal nå måla i læreplanverket. Eigen praksis er å forstå som organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

#### **Bruker skulen eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket?**

I intervju og RefLex kjem det fram at Frøyland ungdomsskule samlar inn resultat frå både nasjonale kartleggingar som Elevundersøkinga, nasjonale prøver og eksamensresultat, og lokale undersøkingar som Olweus og andre trivselsundersøkingar. Personalet har også gjennomført eigenvurdering i RefLex om aktivitetsplikta, og skulen har eit system for å gjennomføre elev- og utviklingssamtalar. Rektor har tilgang til undervegsvurderingar og terminkarakterar i skulen sitt administrasjonssystem. *Overgangsplan for aldersgruppe 0-16 år* viser også at informasjon om nye 8. trinn er ein del av skulen sitt kunnskapsgrunnlag. Leiinga har kjennskap til skulen sin praksis mellom anna gjennom leiarvandring, og at leiinga systematisk går gjennom referat frå trinnmøter. Statsforvaltaren meiner at skulen har eit breitt kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg.

Regelverket krev at skulen skal bruke kunnskapsgrunnlaget for å vurdere i kva grad elevane når måla i læreplanverket. Slik vil skulen få eit bilete av nåsituasjonen som grunnlag for vidare kvalitetsutvikling. I ei slik vurdering må skulen reflektere over samanhengen mellom eigen

---

<sup>4</sup> <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitetsarbeid-i-opplaringen/>

praksis og elevane si måloppnåing. Time kommune har ein eigen rutine for analyse av resultat frå nasjonale prøver og bruk av pedagogisk analyse, og skuleeigar følger opp resultatata frå nasjonale prøver og Elevundersøkinga i dialogmøte med skuleleiinga. Frøyland ungdomsskule følger Olweus-programmet og har gjennom det ei systematisk oppfølging av resultatata frå trivselsundersøkingar. Oversikta over PU-tid viser også at det er lagt inn stopp-punkt for etterarbeid med nasjonale prøver, Elevundersøkinga og Olweus-undersøkinga. Vi meiner dermed at skulen har system for å vurdere det kvantitative kunnskapsgrunnlaget.

Dette skuleåret har Frøyland ungdomsskule to utviklingsområde; lesing og inkluderande skulemiljø for alle. I utviklingsplanen les vi at standpunktkarakterane og resultatata frå Elevundersøkinga, nasjonale prøver, Olweus-undersøkinga og Ståstadsanalysen 2018 er lagt til grunn for val av utviklingsområde. I utviklingsplanen ser vi mellom anna utviklinga i skalapoeng på nasjonale prøver og dei ulike indikatorane i Elevundersøkinga over tid.

Skulen er med i Inkluderande barnehage- og skulemiljø (frå no omtalt som IBS), og har utarbeidd ein plan for dette arbeidet. Leiinga seier at bakgrunnen for dette valet var utfordringar i ungdomsmiljøet i 2018/19 og behov for kompetanseheving i personalet for å møte desse utfordringane. I IBS-planen les vi at skulen har reflektert over eigen praksis og kome fram til kva dei kan bli betre på for at alle elevane skal ha det trygt og godt på skulen. I *Leiarstrategi* og referata frå dialogmøte med skulesjef les vi at leiinga har gjort vurderingar av skulen sin praksis.

Statsforvaltaren meiner at den samla dokumentasjonen berre i noko grad viser at skulen har spurt seg sjølv *kvifor* resultatata er som dei er, eller tolka resultatata i lys av observasjonar og erfaringar frå skulen sin praksis. Til dømes har skulen analysert resultatata frå nasjonale prøver ved ulike stopp-punkt, men dokumentasjonen viser ikkje kva vurderingar skulen gjer av eigen praksis opp mot resultatata. Dermed veit skulen om dei har positiv eller negativ utvikling, men i mindre grad kva det er i skulen sin praksis som fører til denne utviklinga. Resultata frå nasjonale prøver og Elevundersøkinga er indikatorar på måloppnåing på ulike område i læreplanen. Undersøkingane våre viser at skulen i lita grad reflekterer over denne samanhengen. Vi vurderer likevel på bakgrunn av intervjuat at det er sannsynleg at skuleleiinga analyserer og vurderer resultatata i større grad enn det som kjem fram i dokumentasjonen.

Statsforvaltaren vurderer at Frøyland ungdomsskule oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

### **Vurderer skulen om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane?**

I den skulebaserte vurderinga skal skulen identifisere og velje endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Som vist over, ligg kunnskapsgrunnlaget til grunn for val av lesing og inkluderande skulemiljø som utviklingsområde. Resultatmåla er at alle elevar har progresjon i lesing og at elevane skårar 4 på trivsel og medverknad og elevdemokrati i Elevundersøkinga neste skuleår. For å nå desse måla har skule utarbeidd delmål og tiltak. I tillegg er vi kjent med at skulen er i gang med eit lesesamarbeid med Frøyland skule. På same måte viser IBS-planen og leiarstrategi mål og tiltak. Undersøkingane våre viser at siste side av utviklingsplanen, med område, resultatmål, delmål og tiltak, er godt kjent av både lærarane og leiinga. IBS-planen ikkje er like kjent. Utviklingsplanen og IBS-planen inneheld begge mål og tiltak for at elevane skal ha eit



inkluderande skulemiljø, og vi vil anbefale at utviklingsplanen og IBS-planen blir sett i betre samanheng slik at dei kan forsterke kvarandre.

I referat frå dialogmøte med skuleeigar les vi at leiinga gjer vurderingar av ulike tiltak og korleis skulen skal bruke ressursane sine for å nå dei ulike måla. I etterarbeidet med nasjonale prøver finn vi at skulen vurderer nye tiltak, og at skulen konkretiserer korleis dei skal utforme tiltaket observasjon av lesing. I tillegg kjem det fram at lærarane har fagleg kompetanse på lesing og gjer fagleg-pedagogiske vurderingar når dei gjennomfører tiltaka, og at uformell erfaringsutveksling også er ein del av vurderingane. Vi vurderer derfor at vala skulen gjer er skulebaserte.

Statsforvaltaren finn at Frøyland ungdomsskule identifiserer endringar som kan auke måloppnåinga for elevane ved å utarbeide mål og tiltak, og at endringane er for skulen som heilskap. Dei samla funna våre viser at skulen gjer vurderingar knytt til dette.

Statsforvaltaren vurderer at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

### **Evaluerer skulen dei endringane som er sette i verk og gjer nødvendige tilpassingar?**

Hensikta med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå måla i læreplanverket.

Utviklingsplanen for Frøyland ungdomsskule viser ikkje kor tid og korleis skulen skal evaluere tiltaka. Vi er kjende med at skulen evaluerte tiltaka i utviklingsplanen hausten 2019 ved å bruke matrisa *Evaluering av utviklingsplan* og at denne også låg til grunn då leiinga evaluerte utviklingsarbeidet saman med skuleeigar. Vi forstår stopp-punktet i veke 48 i PU-tid 20/21 som ei tilsvarande evaluering. Vi finn ikkje andre planlagde stopp-punkt for å evaluere igangsette endringstiltak.

God praksis for å kunne evaluere verknaden av eit utviklingsarbeid vil vere å gjennomføre ei systematisk utprøving av tiltaka og ha tidfesta stopp-punkt for å reflektere og stille spørsmål om verknaden av endringane. Vi er informerte om at trinna diskuterer eigen praksis, men undersøkingane våre synleggjer ikkje at skulen gjennomfører eller har lagt til rette for eit slikt forpliktande og systematisk arbeid pr. i dag.

Delmåla i lesing er knytt til skalapoeng og system for observasjon og oppfølging. Vi vurderer at desse delmåla er lite eigna for å vurdere kva endringstiltak som fører til betring. Delmål kan med fordel vere utforma som framtidsbilete med teikn på god praksis<sup>5</sup>. Ut frå slike teikn vil lærarane undervegs kunne vurdere om tiltaka har ført til endring av praksis og kva verknad endringane har. Ut frå matrisa og referat frå dialogmøte finn vi at evalueringa primært viser om tiltaka er i gang, og ikkje om tiltaka verkar.

Regelverket krev at dersom endringane ikkje fører til betring, må skulen gjere nødvendige tilpassingar. Evalueringa av utviklingsplanen har gitt leiinga informasjon om i kva grad lærarane gjennomfører endringstiltaka. Denne informasjonen gir grunnlag for å vurdere kva tilpassingar

---

<sup>5</sup> <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/utvikle-praksis-sammen/lage-felles-mal-eller-fremtidsbilde/#128322>

som er nødvendige for å sikre gjennomføringa. I referat frå møte med skuleeigar les vi at det blir arbeidd med å auke fellestida. Vi er ikkje kjende med at leiinga vurderer andre tilpassingar.

Vi er kjende med at skulen tidlegare har erstatta SOL med Utdanningsdirektoratet si lesematrise og finn at endringa er basert på ei evaluering. Når vi samanliknar utviklingsplanen for 19/20 med planen for 20/21 ser vi at skulen gjort endringar i mål og tiltak. Vi finn dermed at skulen endrar mål og tiltak frå år til år, men skulen har ikkje synleggjort kva som ligg til grunn for endringane eller at skulen gjere nødvendige tilpassingar undervegs i skuleåret.

Gjennom intervju er vi likevel gjort merksame på at skulen har tankar om å bruke suksesshistoria frå fjorårets 8. trinn for å vurdere kva tiltak i lesing som har hatt verknad. Ei slik evaluering vil kunne avdekke kva endringar som fører til betring og ikkje, og slik finne fram til nødvendige tilpassingar som må gjerast i utviklingsarbeidet.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen pr. i dag ikkje tilstrekkeleg evaluerer dei iverksette endringane og ut frå evalueringa gjere nødvendige tilpassingar. Skulen oppfyller ikkje krava i regelverket på dette punktet.

## 2.2.2 Medverknad i den skulebaserte vurderinga

Skulen skal ha ei brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga. Formålet er å få kunnskap om erfaringane til dei det angår for å utvikle ein praksis som fører til betre læring for elevane.

### **Sørger skulen for ein brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga?**

Vurderinga må involvere alle partar det vedkjem i analysen, og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen.

Vi finn at skuleeigar er involvert i vurderingane og er ein sentral part i analysen og i arbeidet med leiarstrategi.

Skulen har etablerte FAU, SU og SMU. For FAU les vi i *Generelt årshjul* at nasjonale prøver og *ein runde på tiltak* skal vere tema for eitt møte, og at utviklingsplanen skal evaluerast i eit møte i mai/juni. Våre undersøkingar viser at rektor er open for innspel frå utvalet. Det er likevel ikkje synleg for oss korleis innspela blir tatt med vidare i skulen sine prosessar for den skulebaserte vurderinga. I årshjulet for SMU 20/21 finn vi at utvalet i mars 2021 skal *sjå på tiltak og kva skulen har gjort*. Vi finn i referat frå 2019 at utvalet har kome med eit forbetningsforslag for læringsmiljøet, og vi les i referata at skulen følger opp og set i verk tiltak som er baserte på forslaga.

Vidare finn vi i referat at samarbeidsutvalet (SU) har hatt oppe sak knytt til ungdomsmiljøet, eit tema som kan koplast til skulen sitt arbeid med utfordringar i skulemiljøet og læringsmiljøet i klassane. Eit SU er eit rådgjevande organ som kan uttale seg om *alle saker som gjeld skulen*. Då utvalet består av representantar frå både undervisningspersonalet, andre tilsette, foreldrerådet, elevane og kommunen, vil arbeidet her kunne bidra til brei og representativ medverknad. I *Generelt årshjul* for SU finn vi ikkje på kva måte utvalet blir involverte i den skulebaserte

vurderinga, anna enn at utviklingsområde og ulike undersøkingar skal vere tema i møte. Referata synleggjer ikkje involvering i analyse og vurdering.

For å oppfylle kravet til brei og representativ medverknad, må skulen synleggjere ei større bevisstheit rundt involvering i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak. Koplinga til stopp-punkta i den skulebaserte vurderinga må vere tydelege. Mål med involveringa og tidfesting av når arbeidet skal skje bør kome fram av årshjula.

Lærarane er dei mest sentrale i gjennomføringa av eit utviklingsarbeid, og det er derfor viktig at dei er involverte i analysen av kunnskapsgrunnlaget. Det vil kunne skape ei felles forståing av nåsituasjonen. Undersøkingane våre viser at tillitsvald er involvert av rektor gjennom faste møte, og at lærarar er med i skulen si utviklingsgruppe. Organiseringa gir potensiale for medverknad i den skulebaserte vurderinga.

Som vi har omtalt under vurderinga av om skulen har eit breitt kunnskapsgrunnlag, viser undersøkingane våre at lærarane er involverte i fleire vurderingar av ståstaden til skulen, og dei er også med å peike ut utviklingsområde. Eit mål for skulen må likevel vere at lærarane blir involverte i vurderinga av nåsituasjonen ut frå eit meir heilskapleg grunnlag basert på breidda av måla i opplæringa. Vi finn at utviklingsområdet lesing er godt forankra, men finn ikkje tilsvarande forankring av utviklingsområdet inkluderande skulemiljø. Deltakinga i IBS er ikkje særleg kjent i personalet. Slik sett har involveringa utviklingspotensiale. Likevel vurderer vi at leiinga legg til rette for involvering og at lærarane i praksis er involverte i analysearbeidet.

Dokumentasjonen viser at lærarane er involverte i arbeidet med endringar og tiltak på planleggingsdag ved oppstart av nytt skuleår. Undersøkingane våre viser at lærarane er bevisste si rolle som leselærarar og at dei ulike laga gjer seg nytte av lærarar som har høgare fagleg kompetansen på området. Vi vurderer derfor at involveringa bidrar til at erfaringsbasert kunnskap blir lagt til grunn for val av tiltak i utviklingsarbeidet. Vi har likevel ikkje funne ei særleg bevisstheit rundt bruk av forskingsbasert kunnskap i val av tiltak. Denne mangelen kan få konsekvensar for kor målretta tiltaka blir og i kva grad lærarane blir bevisste kva tiltak som best kan føre til at elevane lærer og utviklar seg.

For at lærarane skal bli bevisste i kva grad ulike tiltak fører til læring for elevane, må lærarane også vere sentrale i arbeidet med å prøve ut og evaluere tiltaka. Vi finn at skulen si organisering av lærarane samla og på trinn legg til rette for at lærarane kan utvikle praksis saman. Undersøkingane våre viser at lærarane individuelt og på trinna gjennomfører tiltak i utviklingsplanen, men evalueringa av utviklingsplanen viser at ikkje alle tiltaka blir prøvde ut. Vi finn at praksis varierer og at trinna i ulik grad evaluerer og finn kva tilpassingar som er nødvendige. Evalueringsarbeidet er ikkje tilstrekkeleg for at lærarane skal bli bevisste samanhengen mellom skulens praksis og i kva grad elevane når måla for opplæringa.

Gjennom intervju er vi likevel gjort merksame på at skulen planlegg å bruke suksesshistoria frå fjorårets 8. trinn for å vurdere kva tiltak i lesing som har hatt verknad. Funna skal delast i fellesskapet og slik bli skulens kunnskap. På det grunnlaget vurderer vi at skulen er på veg mot ein praksis der lærarane blir involverte på ein slik måte at dei i større grad blir bevisste samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og i kva grad elevane når måla.

Vi vurderer at lærarane er involverte i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak. Vi vurderer at skulen er på god veg, men at lærarane pr. no ikkje er sentrale nok i gjennomføringa av utviklingsarbeidet til at dei blir tilstrekkeleg bevisste samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og i kva grad elevane når måla.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen ikkje oppfyller alle krava i regelverket på dette punktet.

### **Involverer skulen elevane i den skulebaserte vurderinga?**

Involveringa av elevane skal bidra til at skulen skal kunne vurdere i kva grad eigen praksis bidrar til at elevane når måla i læreplanverket.

I våre undersøkingar finn vi at elevane gir tilbakemeldingar til skulen gjennom ulike undersøkingar og at dei slik bidrar til kunnskapsgrunnlaget. Undersøkingane våre viser vidare at elevane jamleg svarer på trivselsundersøkingar og at lærarane involverer elevane med å etterspør korleis dei opplever undervisninga. Skulen har ikkje dokumentert i kva omfang lærarane vurderer undervisninga<sup>6</sup> saman med elevane. Føremålet med å involvere elevane er å forbetre opplæringa for elevane, men også som informasjon i den skulebaserte vurderinga for forbetring av skulens praksis. skulen har utviklingspotensiale til i større grad å bruke elevane sine erfaringar i arbeidet med utviklingsområda.

Skulen har eit etablert elevråd som har jamlege møte med elevrådskontakten. I tillegg har dei lunsjmøte med rektor ein gong i månaden. Rektor har eit klart mål om at elevrådet skal ha ei meir aktiv rolle enn det dei til no har hatt. Dette blir stadfesta i årshjula for dette skuleåret, kor vi ser at møta i større grad berer preg av å involvera elevane i saker som er relevante for den skulebaserte vurderinga. Etterbeid knytt til undersøkingar, evaluering av utviklingsplanen og innspel til ny plan er døme på tema for møta. Vi får også i intervjuet stadfesta at ulike tiltak frå utviklingsplanen har vore tema i møta og at medlemene får koma med innspel.

Dokumentasjonen viser ikkje korleis skulen sikrar at involveringa og kunnskapen frå elevane tas med vidare i skulen sine vurderingar.

Gjennom SMU involverer skulen elevane i arbeidet med trivsel og utvikling, både i form av forslag til tiltak og i evalueringa av tiltaka. Dokumentasjonen viser at utvalet har kome med innspel til både organisering, arbeidsmetodar og metodikk i opplæringa, og at skulen har følgd opp innspela med mellom anna å gjere endringar i timeplanen.

Statsforvaltaren si vurdering er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet. Samtidig har skulen eit utviklingspotensiale for å sikre at medverknaden blir heile skulen sin kunnskap og slik eit bidrag i arbeidet med å utvikle skulens praksis.

Vi gjer rektor merksam på at foreldre og elevar skal vere i fleirtal i eit SMU, då vi i referata finn at dei ikkje er det.

## **2.2.3 Oppsummering**

### **Gjennomfører skulen skulebasert vurdering jamleg?**

---

<sup>6</sup> <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitetsarbeid-i-opplaringen/undervisningsvurdering-rettleiar/>

Frøyland ungdomsskule utarbeider årelege utviklingsplanar. I tillegg viser skuleeigar si sjekkliste for skuleleiarar at Time kommune har eit system for at skulane gjennomfører skulebasert vurdering årleg. Undersøkingane våre viser at skulen gjennomfører aktivitetane i tråd med sjekklista. I vurderingane våre over har vi konkludert med at skulen ikkje oppfyller krava på alle områda. Statsforvaltaren si samla vurdering er likevel at skulen gjennomfører skulebasert vurdering jamleg fordi skulen har system for å gjennomføre aktivitetane regelverket krev.

Statsforvaltaren si vurdering er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

## 3 Våre reaksjonar

### 3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgande, jf. kommunelova 30-4:

**Time kommune må sørge for at Frøyland ungdomsskule oppfyller kravet til skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.**

Kommunen må sørge for at skulen

- Evaluerer dei iverksette endringane og gjer nødvendige tilpassingar
- Har brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering

## 4 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 05.04.2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

## 5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenter, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger 05.01.2021

Lina Bryne Larsen  
tilsynsleiar

Anne Marie Melberg Skaar

Elisabeth Ur Fjørtoft

## **Vedlegg: Liste over dokumentasjon**

### **Utviklingsplanar, planar og evaluering**

- Utviklingsplanar frå 2016-2021 med analysegrunnlag og beskriving av utviklingsområde
- Beskriving av kvalitet etter prosess i lærande nettverk i personalet
- Døme på evalueringar gjort i personalet
- Plan for godkjenning av skulen som ein Apple Distinguished School
- Plan for arbeidet med Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS)
- Leiarstrategi 2020-21

### **Kommunale planverk og prosessar**

- Kvalitetssystem for Jærskulen – bakgrunnsdokument
- Prosjektplan kommunal IBS
- Dialogmøter med fagstab
- Tilstandsrapport Jærskulen 2019 og politisk sak knytt til denne
- Strategiplan oppvekst
- Presentasjon dialogmøte 4.3.2019
- Bruk av pedagogisk analysemodell i Timeskulen
- Rutinar for gjennomføring nasjonale prøvar Timeskulen
- Overgangsplan 0-16 – Time kommune
- Sjekkliste for leiinga ved skulane i Time kommune. Kun Frøyland skule og Frøyland ungdomsskule som er synleg

### **Medverknad – elevråd, SU, FAU, Oppvekstteam**

- FAU
- standard årshjul
- referat
- Informasjonshefte til foreldre – denne ligg som lenke på heimesida, ikkje i mappa med dokumentasjon
- SU
- standard årshjul
- referat
- SMU
- Standard årshjul
- referat (fram til hausten 2019 var dette slått saman med SU)
- Elevråd
- Presentasjon av Olweusundersøking våren 2020 for elevråd som grunnlag for prosess hausten 2020
- Standard årshjul
- Døme på referat og agenda
- Referat Oppvekstteam okt 2019

## **Prosessar og rutinar på Frøyland U**

- Organisasjonskart
- Referat utviklingsgruppe 2018-haust 2020
- Sjekkliste og årshjul tilsette 2020-21
- Årshjul pedagogisk utviklingstid (PU-tid) 2018-2021
- Kunnskapsgrunnlag etter periode med fjernundervisning
- Mal for agenda for trinnmøte kvar veke
- Halvårsplan hausten 2020 og våren 2021
- Prosessar for analyse av nasjonale prøvar på dei ulike trinna
- Arbeid med kvalitetsplanen til Jærskulen
- Defineringsområde av utviklingsområde 1819
- Eigenvurdering ståstad 2018
- Evaluering av ordning ved føring av orden og åtferd
- Døme på gruppearbeid i personalet – fire dokument
- Oppsummering etter arbeid med utviklingsplanen
- Padlet – evaluering av lærande nettverk
- Prosess kring SOL og lesing som grunnleggjande ferdigheit
- Prosess utviklingsplanen
- Tankar om kartlegging av leseferdigheit (veke 37)
- Døme på arbeid med kompetansepakkar (veke 38)

### **§9A**

- Mal for aktivitetsplan
- Mal for evaluering av aktivitetsplan
- Resultat etter eigenvurdering i Reflex – aktivitetsplikt og førebygging, involvering og informasjon
- Oppsummering etter prosess med eigenvurdering i Reflex
- Kvalitetsplan mot mobbing rev. 2018
- Referat etter oppfølgingsmøte med Olweus vår 2019 og vår 2020
- Tabell for oppfølging av saker §9A
- Døme på triveselsundersøking kvar veke hausten 2020

### **«Laget rundt lærar og elev»**

- Canvas våren 2020 styringsgruppa
- Canvas våren 2020
- Undervegsvurdering som skal gjennomførast haust 2020 – elevar og lærarar

### **Fagsamarbeid med barneskulen kring lesing – 2020-21**

- Prosessar i personalet
- Grunnlag og plan for samarbeidet

### **Undervisning og oppfølging elevar**

- Oversikt over tema hausten 2020 – årshjul for tema og intensivkurs



- Standard for undervegsvurdering
- Døme på skriftleg undervegsvurdering
- Årsplan i naturfag - under arbeid og blir justert etter LK2020
- Døme på planar frå planleggingsverktøy
- Døme på vurderingsskjema
- Døme på undersøking kvar veke i perioden med heimeskule
- Referat på trinnmøte som viser justering av praksis etter innspel
- Rutine for bekymring av elev – åtferd og fagleg
- Mal for monitorering av elev
- IOP – sjekklister for å ha denne i bruk
- Rutinar for intensivkurs
- Døme på fagrapport
- Døme på mal for utviklingssamtalar
- Døme på mal for elevsamtalar